

Møteprotokoll

Utval: Stølsheimen verneområdestyre
Møtestad: Vossestølen Hotell, Voss, Oppheim
Dato: 05.04.2013
Tidspunkt: 11:30 – 13:00

Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Marta Finden Halset	Leder	VIK
Hans Erik Ringkjøb	Nestleder	VOSS
Oddvar Østerbø	Medlem	HØY

Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Karen Marie Hjelmeseter	MEDL	SFFK
Knut Moe	MEDL	MODA
Silje Hjemdal	MEDL	HOFK

Følgjande varamedlemmar møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Liv Anne Aanesen	Knut Moe	MODA

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Anbjørg Nornes	sekretær

Andre:

Kristoffer Uller Hansen SNO, Aurland
Nils Kvamme Oppsyn Stølsheimen
Tore Bjørgo rådgjevar kulturavdeling Hordaland fylkeskommune

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 10/13	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 11/13	Underskrift av protokoll frå forige møte		
ST 12/13	Stølsheimen landskapsvernområde - fordeling av tiltaksmidlar 2013		2013/1382
DS 1/13	Stølsheimen landskapsvernområde - løyve til bruk av snøskuter til Holmavatnet i Sendedalen		2013/1304

Orienteringssaker:

Workshop i Pasvik for prosjekt knytt til MONA

Sekretær orienterte om invitasjonen sekretær har fått til og vera med på workshop for prosjekta som arbeidet med tradisjonskunnskap i verneområde (MONA). Samlinga skal vera i Pasvik i juni i år.

Tema på møte 23. mai: Restaurering av stolar og stølshus

Tore Bjørgo frå Hordaland Fylkeskommune gav god informasjon om restaurering av stølshus og registrering av fornminne på møte 5. april. Verneområdestyret ynskte å ha dette tema på møtet med fagleg rådgjevande utval 23. mai. Sekretær sender ein førespurnad til Hordaland Fylkeskommune.

Kraftverk i Breiddalen i Ortnevik

Småkraft AS har sendt søknad om utbygging av kraftverk i elva i Breiddalen i Høyanger kommune. Saka vert lagt fram på neste møte.

Tiltak i Stølsheimen landskapsvernområde

Informasjon om tiltaksmidlar for 2013 skal leggjast ut på heimesida til verneområdestyret, og på heimesidene til kommunane i verneområdet.

Arkivsaksnr: 2013/1382-0

Saksbehandlar: Anbjørg Nornes

Dato: 20.03.2013

Utval	Utvalssak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	12/13	05.04.2013

Stølsheimen landskapsvernomsråde - fordeling av tiltaksmidlar 2013

Innstilling frå forvaltar

Oversikt over tildelte midlar til forvaltning av Stølsheimen landskapsvernomsråde vert lagt fram i styremøte.

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 05.04.2013

Handsaming i møte

Verneområdestyret søkte DN/SNO om kr. 440 000 i tiltaksmidlar over bestillingsdialogen, og fekk tildelt kr. 360 000. Styret gjekk gjennom forvaltar sitt framlegg til fordeling av tiltaksmidlar, og vedtok framlegget.

Vedtak

Tiltak	Omsøkt	Fordelt av styret
Utbetring DNT-sti til Solrenningane	200 000	200 000
Skjøtsel av stølar	55 000	55 000
Vedlikehald av stølshus i stølslandskapet	35 000	25 000
Reopning av Vetlestraumen i Finden	30 000	0
Informasjonstiltak på turlagshytter	20 000	0
Uspesifiserte tiltaksmidlar til nye prosjekt	100 000	80 000
Sum	440 000	360 000

Saksopplysninger

Dokument i saka:

- Løyvingsbrev frå Direktoratet for naturforvaltning, midlar til forvaltning av nasjonalparker og tilhørende verneområder, 12.03.2013
- Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde

Vurdering

Tiltaksmidlane som er tildelt frå direktoratet for naturforvaltning til forvaltning av verneområde er løyvd for 2013. Det er løyvd midlar til drift og tiltak innanfor verneområdet. Tiltaksmidlane skal gå til tiltak for å ta vare på verneverdiane, som informasjon, skjøtsels- og tilretteleggingstiltak. Midlane er tildelt på bakgrunn av innsendt søknad frå verneområdestyret. Styret søkte om kr. 440 000 i tiltaksmidlar, og har fått tildelt kr. 360 000. Styret må sette opp ny prioritering av tiltak i 2013 med utgangspunkt i løyvde midlar.

Detaljert oversikt over tildelinga vert lagt fram i styret. Forvaltar legg fram saka til diskusjon og fordeling.